



Ta god imot julebukkane i kveld på trettande dagen. (Arkivfoto).

Julebukk var og er eit kjend omgrep i juletradisjonen. Formene har skifta, men det at born kjem på døra med eller utan maske, er som det har vore i mange år. Lenge var det slik at ein ville skapa undering ved at personane var ukjennelege. No er julebukktradisjonen heller at borna kjem utan maske, men er sminka, utkledd og klar for framføring av julesongar.

Trettande dagen har bakgrunn sin frå innføringa av den gregorianske kalenderen i Noreg og Danmark i år 1700. Tidsrommet mellom 19. februar og 1. mars fall ut og dermed vart juledagen flytta 12 dagar tilbake. Dette er bakgrunnen for at ein i tradisjonen snakkar om den gamle juledagen, minnedagen for dei heilage tre kongane.

I eldre tid kunne mange finna på å gå julebukk i heile jula,- på julefestar og i private juleselskap. No kjem julebukkane på trettande dagen, som i år er på ein sundag. I Uskedalen var det lenge slik at ein gjekk kvelden før, nemleg på trettande afta. Dette hadde truleg samanheng med at aftene vart markert, både julaftan og nyttårsaftan. Nokre år før ein vart samde om ei felles ordning, kom det difor julebukkar både på 13. afta og på 13. dag jul. No er det bestemt at Uskedalen har same tradisjonen som dei fleste andre, og julebukkane kjem som sagt i kveld.

Bergen bryt med denne ordninga. Der går dei Nyttårsbukkar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal